

Bergen/Oslo 18.11.2025

Kjære kritikarar!

INVITASJON TIL KRITIKARSEMINAR I BERGEN

Litteraturhuset i Bergen, torsdag 5. februar 2026

Den svikefulle litteraturkritikken

«Råd mig foruden svig.» Orda er av Henrik Ibsen og lagt i munnen Peer Gynt, kanskje ein av dei mest lunefulle og svikefulle karakterane i norsk litteraturhistorie. Tema under LitFestBergen 2026 er svik, og det årlege kritikarseminaret i Bergen følgjer opp temaet. Ei av litteraturkritikkens udiskutable dygder er at den skal vere fri, og kanskje også at den skal vere både kompromisslaus og trulaus. Og derfor, i god kritisk ånd: Er eller bør litteraturkritikken også vere svikefull? For er svik udiskutabelt negativt? Og korleis ser den eventuelt svikefulle kritikken ut i eit litteraturkritikkhistorisk perspektiv?

For å skvise endå litt meir ut av ordet «svik» spør vi: Kor og korleis sviktar kritikaren og litteraturkritikken? Kva og kven er det kritikken eventuelt svik? Årets kritikarseminar vil altså i trulaus ånd elte, snu og vende på omgrepet svik i håp om å avdekke blindflekkar i litteraturkritikkens virke og vesen – både ved å sjå til litteraturkritikkhistoria og til vår eiga samtid.

Med: **Tue Andersen Nexø** (litteraturkritikar og lektor ved Institut for Kunst- og Kulturvidenskab ved Københavns Universitet), **Maria Olerud** (forfattar, journalist og litteraturkritikar i Morgenbladet), **Frode Helmich Pedersen** (professor i nordisk litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen og litteraturkritikar i Morgenbladet) og **Tone Selboe** (professor i litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo).

Program

11.00–11.45: **Tue Andersen Nexø**: «Har velfærdsstaten svigtet sine forfattere? Afvisningen af velfærdsstaten i ny dansk litteratur»

12.00–12.40: **Maria Olerud**: «Om å forråde seg selv, gang på gang. Må forfatterkritikeren velge enten – eller?»

13.00: Mottaking LitFestBergen i Håkonshallen.

15.00–15.40: **Frode Helmich Pedersen**: «Svikefulle kritikere»

15.50–16.30: **Tone Selboe**: «Å eksperimentere med sitt hjerte i hånden. Camilla Collett som litteraturkritiker»

Arrangør: Litteraturhuset i Bergen i samarbeid med Norsk kritikerlag og LitFestBergen.

Litteraturhuset i Bergen dekkjer opphald på hotell éi natt (men ikkje reise).

Deltakarane på kritikarseminaret får gratis dagspass torsdag 5. februar 2026 og tilbod om redusert pris på dags- og festivalpass på resten av festivalen.

Heile programmet for LitFestBergen blir lansert torsdag 4. desember!

Arrangementet skjer på Litteraturhuset i Bergen. For spørsmål og påmelding, send ein epost til **Margunn Vikingstad**, epost: margunn@litthusbergen.no

Eg ønskjer å delta på kritikarseminar 5. februar 2026 på Litteraturhuset i Bergen:

Namn: _____

Adresse: _____

Tlf.: _____ e-post: _____

Eg ønskjer overnatting, spesifiser dato for overnatting: _____

(Blir bestilt og betalt av arrangør. Seminardeltakar får altså dekt éi natt)

Returner svarslippen til margunn@litthusbergen.no

NB! Påmeldingsfrist: **5. januar 2026.**